



# Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

---

Til medlemene i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

ROBMÅL - 21/5202

033, &17

11.05.2021

## Protokoll frå møte i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 6.mai 2021

Tilstades; Anne Bråthen, Liv Vambeseth Skogen, Tove Grethe Kolstad og Tor Erik Heyerdahl Nyquist

Fravær: Lars Kristian Dalen

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

- Sak 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Vedtak:  
Samrøystes godkjent
- Sak 10/21 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 17.03.21  
Vedtak:  
Samrøystes godkjent
- Sak 11/21 Informasjon av rådgiver Anikken Gjevre frå Valdres vdg.  
Ho jobbar som ungdomskontakt ved Valdres vdg.skole, dette er ein del av elevtjenesten. Elevtjenesten er til for ungdom i heile Valdres mellom 15-30år. Alle kan ta kontakt,treng ingen henvisning.Dei har eit tett samarbeid med lærarar, politi, barnevern,NAV,DPS,BUP og psykisk helsetjeneste i kommunen  
Orientering vert teke til vitande
- Sak 12/21 Gjennomgang av nytt reglement for råd for menneske med nedsett funksjonsevne v/Tor Arthur Hagen  
Reglementet ligg vedlagt  
Vedtak:  
Godkjenner vedtaket  
I tillegg ynskjer rådet at dette blir med i det nye reglementet:  
«Viktig at representantane velges ut i frå interesse for rådets arbeid»  
Samrøystes godkjent
- Sak 13/21 Informasjon om arbeidet med diplomutførelse  
Saken utsett til neste møte

Neste møte i rådet er 2.juni 2021 klokka 10.30 – 12.30

Med helsing

Målfrid Robøle  
Sekretær

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

## **I-09 REGLEMENT FOR RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE I ØYSTRE SLIDRE**

### **§ 01 VAL OG SAMANSETTING**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har 5 medlemmer med personlege varamedlemmer.

Kommunestyret vel medlemmene i råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne (inkl. menneske med psykiske lidingar) har rett til å fremje forslag til medlemmer i rådet.

Eitt medlem bør veljast blant medlemmene i formannskapet, og eitt medlem bør veljast blant dei andre medlemmene i kommunestyret.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

### **§ 02 FUNKSJON, ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er heimla i kommunelova § 5-12. Ansvar og hovudoppgåver går fram av gjeldande lov og forskrifter.

### **§ 03 MØTE OG SAKSBEHANDLING**

Det blir vist til gjennomgåande reglement (I-02) med gjennomgåande reglar for møte og saksbehandling.

### **§ 04 SEKRETARIAT**

Rådmannen har ansvar for at sekretariatsfunksjonen blir utført tilfredsstillande.